



Møteprotokoll

Vår dato: 13.09.2016

Aust-Telemark vassområde

Møte : Styringsguppemøte
Møtestad : Hardangervidda nasjonalparksenter
Møtedato/-tid : 06.09.2016 kl 10:00 – 14:00

Møteleiar: Ragnar Gunleiksrud

Referent: Liv R. Flå

Til:**Styringsgruppa:**

Ragnar Gunleiksrud (leiar)	Tinn kommune
Børre Rønningen	Vinje kommune
Harald Kinck (vara)	Telemark fylkeskommune (Tfk)
Ole Henning Skogen	Notodden kommune

Arbeidsgruppa:

Arne Kjellsen	Fylkesmannen i Telemark (FM)
Ingrid Strande	Telemark fylkeskommune (Tfk)
Bjørn Bjørnsen	Tinn kommune
Turid Opsund Mæland (vara)	Vinje kommune
Jørn Ingar Sanda	Notodden kommune
Nicolai Østhus	Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB)
Liv Rigmor Flå	Prosjektleiar (PL)

Forfall:

Håvard Bakka	Telemark fylkeskommune (Tfk)
Dorthe Huitfeldt	Vinje kommune

Saksliste:

Nr.	Sak
10.01	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste Møteinnkalling og saksliste godkjent.
10.02	Referatsaker/ orienteringssaker 1. Referat frå styringsgruppemøtet 21.04.2016 godkjent utan merknader. 2. Orientering om høyring ang. etablering av Akvafarm Rjukan AS. I høyringssvaret frå vassområdet sendt 13.07.16 vart det lagt vekt på at det er mange risikofaktorar knytta til eit slikt produksjonsanlegg som kan få store miljøkonsekvensar for Måna/ Vestfjorden, og

at tiltaket krev vidare utgreingar, jf. konsekvenstgreingar for tiltak etter sektorlover.

Kommentarar/ synspunkt:

- Store utfordringar med handtering av slam frå denne typar anlegg. Avgjerande for at Tinn kommune skal ha ei positiv innstilling til tiltaket er at det blir fullgode teknologiske løysingar for å eliminere lukt frå Akvafarm Rjukan AS til nærområda, og at utsleppa frå anlegget ikkje senkar miljøtilstanden i Måna.
- Søknaden gjeld konsesjon for oppdrett av laks, ørret og regnbueørret. Rømming av ørret/ regnbueørret vil kunne få store økologiske konsekvensar for storaurestammen i Tinnsjø.
- Fylkesmannen er myndigheit for utsleppsløyve. FM har påpeika at vesentlege påverknader av anlegget på miljøet ikkje er godt nok belyst i søknaden og at det må gjennomførast konsekvensutgreiing av tiltaket.
- Akvafarm Rjukan vil gje arbeidsplassar, dette er viktig for Rjukan.

3. Orientering om sentral godkjenning av Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021, v/ Ingrid Strande. (Lagt til som nytt punkt under orienteringssaker -Godkjenningsdokumentet fra Klima- og miljødepartementet (KLD) frå 4. juli 2016 vart ettersendt styringsgruppa i eigen e-post)

Forvaltningsplanen vart godkjent av alle åtte fylkesting i vassregionen og deretter sendt til sentral godkjenning 23.12.15. I den sentrale godkjenninga er det gjort endringar i høve til vedtaka i fylkestinga på områda kystvatn, framande organismar og vasskraft. KLD støttar planen på områda landbruk, akvakultur, avløp, forurensing frå industri m.m. og langtransportert luftforureining/ sur nedbør.

Ved vesentlege endringar i planforslaget skal planeigar få mulegheit til å uttale seg før endeleg godkjenning, jf. plan og bygningslova (PBL). KLD informerte ikkje vannregionen om endringane undervegs i godkjenningsarbeidet. Styringsgruppa i vannregion Vest-Viken har sendt førebelse synspunkt på handsaminga/ endringane i planen til KLD.

Kommentarar/ synspunkt:

- Godkjenninga vektlegg kraftinteressene på bekostning av miljøinteressene.
- Den regionale vassforvaltningsplanen er endeleg ved sentral godkjenning, d.v.s. at styringsgruppa i Vest-Viken varslar ikkje omkamp om vedtaket.
- Godkjenninga gjev ingen dra-hjelp for å få gjennomført vilkårsrevisjon.
- Norge har eit ansvar for rein kraftproduksjon (Europas batteri).
- Vassområdet sitt mandat er å arbeide for god økologisk tilstand i vassdraga, ikkje å arbeide for kraftinteressene.
- Ved sentral godkjenning av planen har alle SMVF i vassområdet fått dagens tilstand som miljømål GØP i 2021. I planforslaget hadde dei fleste SMVF forslag om utsatt frist (§9) i 2021 og GØP i 2027 eller 2033. GØP 2021/2033 i planforslaget forutsett magasinrestriksjonar, minstevassføringar og biotopiltak, og såleis ei oppgradering av miljøkvalitetar i høve til dagens tilstand.
- KLD har ikkje godkjent magasinrestriksjonar som tiltak. KLD forutsett at magasinrestriksjonar blir vurdert i revisjonane.
- Mange uklære punkt i godkjenningsbrevet, konsekvensane av godkjenninga må utgreiast.
- KLD legg ikkje kapittel 5.4 om regional prioritering av vassdragskonsesjonar i forvaltningsplanen til grunn for godkjenninga.
- KLD har ikkje lagt rammene i PBL om omsyn til lokal- og regional samfunnsutvikling i til grunn ved godkjenninga.
- Planen gjev føringar til kommunane, regionale og statlege myndigheiter, som gjennom planen er forplikta til å leggje miljømåla til grunn for all planlegging og verksemnd. Det er grunn for innsigelse etter PBL dersom planen ikkje blir følgd.

<p>10.03</p>	<p>Vidareføring av arbeidet i vassområdet i 2017</p> <p>Prosjektarbeidet i Aust-Telemark vassområde er finansiert ut 2016. Vidare organisering og finansiering av vassforvaltningsarbeidet vart drøfta på møtet.</p> <p>Ole Henning Skogen har klarert med ordførar og rådmann i Notodden kommune at kommunen vil delta i Aust-Telemark vassområde frå 2017.</p> <p>Det var sett opp eit forslag til budsjett 2017 for vassområdet i tråd med vedtak/ anbefalingar i fylkesutvalet (sak 63/16 om organisering i Vest-Viken vassregion) som vart gjennomgått på møtet. Av det totale budsjettet på kr. 455.000 er samla bidrag frå kommunane 180.000 (39,6 %). Resterande beløp, kr. 275.000 blir finansiert gjennom bidrag frå fylkeskommunen og statlege midlar (løyvt via Fylkesmannen, Telemark fylkeskommune og VRM).</p> <p>Forslag til ny fordeling mellom kommunane på grunnlag av faktorane folketal, areal og antall vassområde kommunen deltek i vart gjennomgått. Budsjettet er sett opp med følgjande fordeling: Notodden kr. 27.000 (5,9 %), Vinje kr. 45.000 (9,9 %) og Tinn kommune kr. 108.000 (23,7 %).</p> <p><u>Forslag til vedtak:</u></p> <p>For å vidareføre lokalt vassforvaltningsarbeid og bistå vassregionstyresmakta (VRM) med gjennomføringa av Regional forvaltningsplan for vannregion Vest-Viken 2016-2021, tilrår styringsgruppa i Aust-Telemark vassområde kommunane om å vidareføre vassforvaltningsarbeidet for perioden 2017-2021 etter same modell som i prosjektperioden 2010-2016. Styringsgruppa ser det som viktig for å oppnå eit godt lokalt vassforvaltningsarbeid at Notodden kommune deltek i det vidare arbeidet i Aust-Telemark vassområde.</p> <p><u>Kommentarar/ synspunkt:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Vekting av faktorane/ fordeling av utgifter mellom kommunane kan stå som i framlagt forslag. - Fylkesmannen (FM) har årleg (2010-2016) overført eit samla beløp til vassområdet som både skulle gå til drift av prosjektet og til overvaking. Overvakinga kom ikkje i gang før 2013, og midlane til overvaksingsarbeid har derfor vore med å skapt eit økonomisk overskott i prosjektet. Ubrukte midlar i prosjektet er avsatt i bunde fond. FM vil bruke dette overskottet til å finansiere sin andel av driftsutgifter inntil midlane er oppbruka, etterpå kan vassområdet søkje FM om nye midlar til drifta. FM vil fortsatt overføre midlar til overvaking. - Staten burde finansiert ein større andel av driftsbudsjettet - Sak om vidareføring av vassforvaltningsarbeidet må opp i kommunane i haust. PL lagar eit forslag til saksframlegg til kommunane. <p><u>Vedtak:</u></p> <p>For å vidareføre lokalt vassforvaltningsarbeid og bistå vassregionstyresmakta (VRM) med gjennomføringa av Regional forvaltningsplan for vannregion Vest-Viken 2016-2021, tilrår styringsgruppa i Aust-Telemark vassområde kommunane om å vidareføre vassforvaltningsarbeidet for perioden 2017-2021 etter same modell som i prosjektperioden 2010-2016. Styringsgruppa ser det som viktig for å oppnå eit godt lokalt vassforvaltningsarbeid at Notodden kommune deltek i det vidare arbeidet i Aust-Telemark vassområde.</p>
<p>10.04</p>	<p>Høyring av ØTB sin søknad om overføring av Flottetjønnbekken</p> <p>Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sendt konsesjonssøknaden frå ØTB om overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet på høyring.</p> <p>Administrasjonen hadde laga eit forslag til høyringsuttale frå vassområdet som vart drøfta på møtet.</p>

Forslag til høyringsfråsegn::

1. Det omsøkte tiltaket ligg i Mår-vassdraget, som etter tidlegare vassdragsreguleringar har ei svært låg restvassføring dei første km av elva og ca 24 % av normalvassføringa ved innløpet til Tinnsjø. Styringsgruppa for Aust-Telemark vassområde meiner at konsekvensane av overføringa for Mårelva truleg vil bli større enn det framgår av ØTB sin søknad, og at tiltaket bør vurderast nøye etter prinsippet i § 10 i naturmangfoldlova (nmfl) om økosystemtilnærming og samla belastning for eit område. Vassområdet meiner at dette prinsippet er for lite vektlagt i konsekvensvurderinga.

2. Styringsgruppa meiner at samfunnsnyttan av overføringa i form av innvunnen kraft, vil vera mindre enn tap av miljøkvalitetar, og at tiltaket derfor ikkje bør realiserast, jf. § 12 i vassforskrifta. Dei viktigaste miljøkvalitetane som kan bli påverka av overføringa er:

- Gyte- og oppvekstområde i nedre Mår for storaurestammen i Tinnsjø
- Bekkekløft i Mår ved Håkaland (verdi A), med vassføring på minst dagens nivå som skjøtselstiltak. Bekkekløfta er ikkje vurdert i konsekvensvurderinga (KU)
- Bekkekløfta i Mår ved Gauset (verdi C)
- Gyteområdet i Flottetjønnbekken for aurebestanden i Øvre Flottebekktjønn

3. Vassområdet meiner at andre O&U-prosjekt som er mindre økonomisk lønsamt, men meir miljøeffektive, må vurderast parallelt og i samheng med miljøkonsekvensane av Mår-Gjøyst reguleringa. Det er naturleg å gjera denne vurderinga gjennom vilkårsrevisjon for reguleringskonsesjonen. Særleg er utnytting av fallet mellom Gjøystavatn og Øvre Grotte ved Strengen eit O&U-prosjekt som bør vurderast som eit alternativ til det omsøkte tiltaket.

Kommentarar/ synspunkt:

- Det er utanfor vassområdet sitt kompetanseområde å uttale seg i denne saka.
- Ønskjer ikkje å fatte eit vedtak som går på tvers av Tinn kommune sine interesser, og vi bør derfor vente med å ta ei avgjerd inntil vi kjenner utfallet av handsaminga i Tinn kommunestyre.

Styringsgruppa bestemte å avvente vedtak i saka inntil vedtaket i Tinn kommunestyre føreligg.

Oppfølging etter møtet:

Tinn kommunestyre handsama ØTB sin søknad om overføring av Flottetjønnbekken til Kalhovdmagasinet i møte 08.09.16 i sak 122/2016. Rådmannens innstilling som var i tråd med forslag til høyringsuttale frå Aust-Telemark vassområde, fekk fleirtal i kommunestyret med 17 mot 6 stemmer. PL bad i e-post 09.09.16 medlemmane i styringsgruppa om stemmegjeving (for eller mot forslag til høyringsuttale drøfta på styringsgruppemøtet 06.09.16). Alle medlemmane stemte for dette forslaget.

Vedteke høyringsfråsegn :

1. Det omsøkte tiltaket ligg i Mår-vassdraget, som etter tidlegare vassdragsreguleringar har ei svært låg restvassføring dei første km av elva og ca 24 % av normalvassføringa ved innløpet til Tinnsjø. Styringsgruppa for Aust-Telemark vassområde meiner at konsekvensane av overføringa for Mårelva truleg vil bli større enn det framgår av ØTB sin søknad, og at tiltaket bør vurderast nøye etter prinsippet i § 10 i naturmangfoldlova (nmfl) om økosystemtilnærming og samla belastning for eit område. Vassområdet meiner at dette prinsippet er for lite vektlagt i konsekvensvurderinga.

2. Styringsgruppa meiner at samfunnsnyttan av overføringa i form av innvunnen kraft, vil vera mindre enn tap av miljøkvalitetar, og at tiltaket derfor ikkje bør realiserast, jf. § 12 i vassforskrifta. Dei viktigaste miljøkvalitetane som kan bli påverka av overføringa er:

- Gyte- og oppvekstområde i nedre Mår for storaurestammen i Tinnsjø
- Bekkekløft i Mår ved Håkaland (verdi A), med vassføring på minst dagens nivå som skjøtselstiltak. Bekkekløfta er ikkje vurdert i konsekvensvurderinga (KU)
- Bekkekløfta i Mår ved Gauset (verdi C)

	<p>– Gyteområdet i Flottetjønnbekken for aurebestanden i Øvre Flottebekktjønn</p> <p>3. Vassområdet meiner at andre O&U-prosjekt som er mindre økonomisk lønsamt, men meir miljøeffektive, må vurderast parallelt og i samanheng med miljøkonsekvensane av Mår-Gjøyst reguleringa. Det er naturleg å gjera denne vurderinga gjennom vilkårsrevisjon for reguleringskonsesjonen. Særleg er utnytting av fallet mellom Gjøystavatn og Øvre Grotte ved Strengen eit O&U-prosjekt som bør vurderast som eit alternativ til det omsøkte tiltaket.</p>
<p>10.05</p>	<p>Eventuelt</p> <p>1. Orientering om turveg langs Måna</p> <p>Styringsgruppa drøfta prosjekt som kunne tilfredstille tildeling av fondsmidlar til vassforvaltning frå fylkeskommunen på møtet 21.04.16 (sak 09.06) Det vart bestemt at vassområdet skulle søkje om midlar til arbeidet med å inngå grunneigaravtalar for turveg langs Måna frå Bruflåt til Mæl. Vassområdet fekk tildelt kr. 50.000 i fondsmidlar frå fylkeskommunen til arbeidet, som er organisert som eit eige prosjekt. Vidare har Tinn kommune avsatt kr. 50.000 til prosjektet.</p> <p>Prosjektleiari informerte om planene for turveg på eit medlemsmøte i Måna kanaliseringsslag og Måna elveeigarlag i juni. I ettertid er det teke kontakt med alle grunneigarane på strekninga, og teke synfaringar med dei av grunneigarane som har ønska det. Mange er udeelt positive, medan andre er skeptiske/ negative. Nokre av grunneigarane har krav/ vilkår til Hydro/ ØTB og kommunen før dei vil skrive avtale om turveg. Desse krava må avklarast, likeins må løysingar for kryssing av jernbanesporet avklarast med fylkeskommunen og Norsk Industriarbeidermuseum (NIA).</p> <p>2. Synfaring Møsvatn 2017</p> <p>Synfaringa med tema “Økologiske konsekvensar i strandsona av reguleringa” som var tenkt etter styringsgruppemøtet, vart utsett til neste år fordi det var vanskar med å finne ledig fagperson til dette temaet i haust. Vår/forsommar med nedtappa vatn vil også vera eit betre tidspunkt for synfaringa.</p> <p><u>Kommentarar/ synspunkt:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - ØTB vil betale for foredragshaldar - Ope arrangement med informasjonsmøte og synfaring - Invitere Møsstrand grunneigarlag - Legge møtet til ein dag som elevane ved naturlina ved Rjukan vgs er på senteret, for gjensidig informasjon - Prosjektleiari og regulanten har ansvar for planlegginga av arrangementet <p>Det kom forslag om å stoppe ved Frøystulåe/ Skarfoss på tilbaketuren, her Skogen/Østhus orienterte om fiske, regulering av Skarfoss, ny Skarfossdam m.m.</p>

Atrå, 13.09.2016

Ragnar Gunleiksrud (sign.)
leiari